

Saksnr: 2022/43918-9**Saksbehandlar:** Bjørnar Tjøflot**Saksgang**

Utvæl	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for næring		20.11.2024
Fylkesutvalet		25.11.2024
Fylkesutvalet		05.03.2025

Høyringsuttale til vilkårsrevisjon og konsesjonssøknad for nye kraftverk knytt til Røldal-Suldal-reguleringa**Forslag til innstilling**

1. Fylkesutvalet ser generelt positivt på tiltak om pumpekraftverk i Røldal-Suldal, men meiner konsekvensane for villrein ved tiltaka knytt til Votna og Holmavatnet kan verte for store, og fremjar motsegn mot pumpekraftverk for Votna og Holmavatn. Dersom det vedtakast eit manøvreringsreglement som gjer at villreinen framleis kan nytta Holmavatnet som trekkpassasje og beiteområde, og Votna som trekkområde på vinteren, vil fylkeskommunen sitt motsegn falle bort.
2. Reviderte konsesjonsvilkår kan medføre nye terrenginngrep og det må såleis takast inn i reviderte vilkår at tilhøvet til automatisk freda og kulturminne under vatn må avklarast jf. kulturminnelova §9 før anleggsstart for eventuelle nye tiltak.
3. Vi ber om at det setjast inn i reviderte vilkår at Vestland fylkeskommune kontaktast før eventuelle planlagde nedtappingar/særleg låg vasstand, slik at tidlegare registrerte kulturminne kan tilstandsregistrerast og kartfestast.
4. I konsesjon for nye tiltak må det setjast vilkår om at undersøkingsplikt må oppfyllast og tilhøvet til automatisk freda og kulturminne under vatn må avklarast jf. kulturminnelova §9 før anleggsstart.
5. Eventuelle anleggsperiodar bør planleggast på ein slik måte at ein reduserer negative konsekvensar for friluftsliv. Stiar og turveggar som blir utilgjengeleg i anleggsperioden må skiltast om, og det må sørgast for trygg ferdsel forbi anlegga. Vi legg til grunn at utbyggar søker å tilbakeføre terreng til mest mogleg opphøveleg tilstand etter avslutta anleggsperiode.

Samandrag

Det er vedteke at konsesjonsvilkåra for reguleringa av Røldal-Suldalsvassdraget skal reviderast. I Tillegg har RSK DA sendt inn ein søknad om konsesjon til å bygga og driva Røldal 2 pumpekraftverk, Novle 2 pumpekraftverk, Kvanndal 2 pumpekraftverk, Suldal 2B kraftverk og Nordmork kraftverk. Kraftverka vil utnytte dei same reguleringsmagasina som eksisterande kraftverk, men gje meir fleksibel produksjon av kraft. Dei omsøkte prosjekta møter samfunnets behov for auka regulerbar

kapasitet som er venta å auke ytterlegare framover. Prosjektet er største vasskraftprosjekt i fylket på lang tid. Omsynet til villrein er eit viktig tema i saka då fleire av tiltaka ligg i nasjonalt villreinområde og kan potensielt forringe levekåra til villreinen.

NVE har sendt revisjonsdokument og søknad på høyring til m.a. Vestland fylkeskommune. Vedtak i denne saka sendast til NVE som høyringsuttale.

Rune Haugsdal
fylkesdirektør

Bård Sandal
direktør
Næring, plan og innovasjon (NPI)

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Dette saksframlegget omtalar både vilkårsrevisjonen og konsesjonssøknaden. Det er viktig at ein vurderer alle faktorar som kan leggja grunnlaget for framtida til vassdraga samla.

RSK sine konsesjonar i vassdraget vart gjeve frå 1964 til 1977. Fordi dei er gamle vart det opna for at det kunne fremjast krav om revisjon av vilkåra. Ullensvang og Suldal kommunar fremja krav om revisjon i 2019 og revisjonssaka vart opna av NVE i 2022. Revisjonsdokumentet som er på høyring er oppfølginga frå konsesjonæren til krava som er kome inn.

Hovudføremålet med revisjonen er å betre miljøtilhøva i regulerte vassdrag, samstundes som eventuelle endringar vert vurdert opp mot føremålet med konsesjonen som er kraftproduksjon. Ein vilkårsrevisjon skal også gi anledning til å oppheva vilkår som har vist seg urimelege, unødvendige eller lite tenlege. Innanfor gjevne rammer kan ein revisjon setja nye vilkår for å rette opp skader og ulemper for allmenne interesser som følgje av reguleringane.

Sjølve konsesjonen, inkludert nivå for høgste regulerte vasstand (HRV), lågaste regulerte vasstand (LRV) og overføringar, kan ikkje endrast gjennom ein revisjon av konsesjonsvilkår. Manøvreringsreglement innanfor HRV og LRV er del av konsesjonsvilkåra og kan reviderast på linje med andre konsesjonsvilkår.

Røldal-Suldalvassdraga består av to hovudgreiner, vestre og austre vassdrag. Deler av utbygginga «Vestre vassdrag» ligg i Vestland. Dei største kraftverka i vestre vassdrag er Novle (Vestland), Røldal (Vestland) og Suldal 1 (Rogaland), medan kraftverka i austre vassdrag er Kvanndal og Suldal 2. Kraftverka vart bygd ut av Hydro på 1960-talet for å forsyne Karmøy metallverk med stabil kraft og hadde difor relativt låg installert effekt i høve til dei tilgjengelege vassressursane, med brukstider omkring 6000 timar. Kraftverka var bygde for ei anna tid og eit anna samfunnsbehov, og gir i dag liten fleksibilitet til å tilpasse kraftproduksjonen til behova i samfunnet.

Tronge og lange vassvegar gir betydelege falltap både i vestre og austre vassdrag. Det store uregulerte tilsiget og lågare magasinkapasitet i Kvanndalsfoss resulterer i betydelege vass-tap i austre vassdrag. I periodar med høge tilsig på grunn av nedbør og/eller snøsmelting oppstår det her «tvangskøyring» på låg pris for å unngå å tape vatn. På den andre sida vil Suldal 2 berre kunne køyre med halv kapasitet i periodar med lite tilsig til Kvanndalsfeltet.

Dette gjer at det er eit stort potensial for å nytta vassressursane på ein måte som er betre for å møte behova i kraftsystemet og som samstundes er meir gunstig økonomisk for regulanten. Men for å få dette til må et gjerast fleire store tiltak. Det er desse tiltaka det er søkt konsesjon for no.

Vedtakskompetanse

Fylkesutvalet har vedtakskompetanse saka jf. fylkeskommunen sitt delegeringsreglement kap. 7. Høyringsuttale, kap. 22. Energilova

Hovudutval for næring har mynde til å gje uttale i saker om vassdragsregulering, under dette også konsesjonssøknader, jf. fylkeskommunen sitt delegeringsreglement - Delegering etter særlov § 12.


Ut frå at denne saka omfattar fleire lovverk rår fylkesdirektøren til at hovudutval for næring gjev innstilling og det fattast vedtak i fylkesutvalet.

Medverknad

Medverknadsorgana ar ikkje vore involverte i saka.

Eksisterande konsesjon

Figur 1 viser ei oversikt over eksisterande situasjon i vassdraga. Det er vilkåra knytt til konsesjonen for denne reguleringa som reviderast no.



Figur 1: oversikt over eksisterende kraftverk, vassvegar, inntak og reguleringsmagasin. (Henta frå revisjonsdokumentet)

Tiltaka i konsesjonssøknaden

Dei omsøkte prosjekta i vestre vassdrag består av to nye pumpekraftverk:

- Røldal 2 pumpekraftverk utnyttar fallet mellom Votna og Røldalsvatnet.
- Novle 2 pumpekraftverk utnyttar fallet mellom Votna og Valdalsmagasinet.

Eksisterende reguleringar i vestre vassdrag blir haldne uendra.

Dei omsøkte prosjekta i austre vassdrag omfattar eitt nytt pumpekraftverk og to nye kraftverk:

- Kvanndal 2 pumpekraftverk utnyttar fallet mellom Kvanndalsfoss og Holmavatnet. Reguleringa av Holmavatnet blir auka med ytterlegare 5 meter senking av LRV, samtidig som tilsiget til Tverråna, som i dag renn til Sandvatnet, blir overført til Holmavatnet via eit bekkjeinntak på tilløpstunnelen til Kvanndal 2.
- Suldal 2B utnyttar fallet mellom Kvanndalsfoss og Suldalsvatnet parallelt med dagens Suldal 2 kraftverk.
- Nordmork utnyttar fallet mellom Kvanndalsfoss og Roaldkvamsåa og blir kopla på tilløpstunnelen til Suldal 2B. Kraftverket sikrar tilførsel av minstevassføring til Roaldkvamsåa.

Øvrige eksisterende reguleringar i austre vassdrag blir haldne uendra.



Fornybar energi

Hovudmålet i fornybarplanen er at vi har energioverskot frå fornybare energikjelder og ei robust kraftforsyning som bidreg til grøn verdiskaping. Vidare seier delmål 1 i fornybarplanen at *Vi har produksjon og distribusjon av kraft frå fornybare energikjelder som tek omsyn til miljø, naturmangfald, friluftslivsområder og landskaps og kulturverdiar.*

Totalt vil den omsøkte utbyggingsløyisinga gi ei auke av effekten på 665 MW, som er meir enn ei fordobling av noverande kapasitet, kor 500 MW er pumpekapasitet. Samla sett vil den omsøkte løyisinga i tillegg gi brutto ca. 800 GWh auka årleg kraftproduksjon. Dermed vil kraftverka kunne utnyttast meir fleksibelt og produksjonen vil i større grad kunne tilpassast marknadenes behov. Kraftverka vil òg kunne bidra med system- og balansenester.

Dei omsøkte prosjekta møter samfunnets behov for auka regulerbar kapasitet som er venta å auke ytterlegare framover, både som følgje av auka volatilitet på grunn av auka innslag av uregulerbar kapasitet frå vind og sol og som følgje av vedtekne klimamål med grøn omstilling. Dei omsøkte prosjekta vil dermed bidra til å sikre stabil systemdrift i framtidas energisystem, og på den måten understøttar det grøne skiftet.

Retningslinje 1 i fornybarplanen seier at *Vestland er positive til bygging av ny fornybar energi der omsyn til miljø og andre arealinteresser er ivareteke.*

Kraftsystemet/nettet

Utbygginga vil utløyse oppgraderingar og forsterkingar i transmisjonsnettet og gjere drifta av dette meir robust. Dette vil dermed gi auka samfunnsnytte utover omsøkt utbyggingsløyse i RSK, slik som betre nett- og effektkapasitet til industrien i Tyssedal- og Oddaområdet og styrking av regionalnett og distribusjonsnett i Øvre Suldal.

Delmål 6 i fornybarplanen seier at *vi har kraftnett som gir nok kraft til forbruk og industri i heile Vestland.*

Næring


Kraftverket vil bidra til lokalt og regionalt næringsgrunnlag og skatteinntekter. I tillegg bidreg tiltaket til meir rein energiproduksjon ut på kraftnettet til rett tid.

Effektoppgradering med pumpekraftverk gjev eit større kraftgrunnlag i vassdraget. Noko som igjen gjev meir konsesjonskraft og konsesjonsavgift. Dette gjer at vertskommune og fylke får større inntekter etter ei slik utbygging som det er søkt konsesjon til her.

Pumpekraftverk fungerer på den måten at i tillegg til å bruka fallet mellom dei to magasinane til å produsera kraft, kan det pumpe vatn frå nedre magasin til øvre slik at krafta kan produserast seinare. For å få økonomi i dette brukar ein kraft til å pumpa opp vatnet når kraftprisane er låge, gjerne når det er mykje produksjon frå ikkje-regulerbarbare eller mindre regulerbare kraftverk. Så kan ein sleppe vatnet gjennom turbinen og produsera meir kraft når prisane er høge. Slik kan ein kraftprodusent sørgja for å tene meir per liter vatn som går gjennom turbinen.

Spesielt Røldal 2 pumpekraftverk, som nyttar fallet mellom Votna og Røldal kan trekkjast fram som eit godt pumpekraftverk. Det er to store magasin som koplast saman med ein høgdeforskjell som er optimal for pumping. Her vil det, saman med Novle 2 vere mogleg å utnytte vatnet i dette nedfallsområdet svært mykje betre enn i dag.

Konsesjonssøknaden skildrar korleis RSK ser føre seg at pumpekraftverka i vestre vassdrag vil nyttast gjennom året. Det er spesielt på vasstanden i Votna gjennom året dette vert synleg (sjå figur 3). Eit hovudprinsipp med effektoppgraderinga og moglegheita for pumping er at ein får nytta vårflaumen i mykje større grad enn i dag. I BaseCase fyller Votna fort opp i vårflaumen og overrenning vil gje krafttap. Tiltaka gjer at ein kan ta meir av vårflaumen gjennom turbinane og elles fordela vatnet på fleire magasin, meir effektivt. Ein kan tillata seg større produksjon gjennom smeltesesongen og seinsommaren fordi ein utover den våte og vindfulle hausten kan nytta billege kraftprisar til å sikra fulle magasin når vinteren kjem. Gjennom vinteren er situasjonen relativt lik før og etter ev. tiltak, men ved spesielt våte periodar på vinteren vil ein truleg også her pumpe noko.



Figur 3: Magasinfyllingskurver for Votna som viser BaseCase og tenkt situasjon etter utbygging av Røldal 2 og Novle 2 (henta frå konsesjonssøknaden).

Klima

Regional plan for klima 2022-2035 (klimaplanen), for Vestland, er vedteke sidan konsesjonen vart gjeve. Planen legg føringar for korleis Vestland skal bli meir klimarobust og ta vare på naturmangfaldet vårt. Vi legg til grunn at søkjar og energimynde har set seg inn i planen.

Gjennom konsesjonssøkte oppgraderingar av RSK anlegga vil Lyse Kraft bidra med vesentleg fornybar kraftproduksjon og auka installert kapasitet, noko som er positivt for omstilling til eit kraftsystem utan klimagassutslepp.

Delmål 3 i fornybarplanen seier at *auka produksjon frå fornybare energikjelder har bidrege til kutta klimagassutslepp i Vestland*

Klimatilpassing og flaum

Pumpekraftverka og den auka reguleringa av Holmavatnet vil redusere dagens flaumtap, medan ei vesentleg auke av slukeevna aukar moglegheita til å førehåndstappe magasin ved meldingar om ekstreme nedbørsmengder og dermed redusere omfanget av flaumskadar.

Kulturminne og kulturmiljø**Kulturminnefagleg innspel til revisjon av konsesjonsvilkår**

Området har lang kulturhistorisk bruk, og det er kjent ei rekke kulturminne både frå førhistorisk og nyare tid. I samband med Røldal-Suldal utbygginga vart det utført arkeologiske undersøkingar på 1960-talet. Undersøkingane viste omfattande bruk over lang tid innanfor området, og det vart undersøkt fleire førhistoriske kulturminne som i dag er neddemt. Røldal-Suldal-utbygginga representerer også ein viktig fase i den nyare industrihistoria.

Automatisk freda kulturminne


Dersom reviderte konsesjonsvilkår medfører nye terrenginngrep som ikkje er omfatta av gjeldande konsesjon, må tilhøvet til automatisk freda kulturminne avklarast. Det må såleis takast inn i reviderte vilkår at tilhøvet til automatisk freda kulturminne må avklarast jf. kulturminnelova § 9 før anleggsstart.

I Valldalen vart det utført omfattande undersøkingar før bygging av konsesjongitt anlegg, og det vart påvist fleire kulturminne frå førreformatorisk og frå nyare tid. Kartfesting av desse kulturminna er per i dag mangelfull.

På austsida av Valldalsvatnet vart det utgravd ein hellar (Ullshellaren) med aktivitetsspor frå bronse- og jernalder, ved hellaren er det også kjent ein helleristningsstein. Det vart i 1961 utført kalkering av ristningane. Ristningssteinen er så langt vi veit neddemt mykje av tida og er utsett for erosjon i regulert sone. Lokaliteten treng dokumenterast og kartfestast med dagens teknologi. Vi ber om at det takast inn i reviderte vilkår at Vestland fylkeskommune skal kontaktast før eventuell planlagt nedtapping eller ved særleg låg vasstand av andre grunnar, slik at tilstandsregistrering og dokumentasjon av ristningssteinen kan utførast, og øvrige kulturminne i området kartfestast i den grad det i dag er mogleg.

Nyare registreringar i området

Sidan konsesjonen vart innvilga er det påvist fleire automatisk freda kulturminne innanfor influensområdet til kraftanlegget, herunder busetnadsspor på Fjetland nær Røldal kraftstasjon, stølsområde på Bakken på vestsida av Valldalsdammen, fleire kolgroper på Bråstøyl sør for Valldalsdammen, samt nokre einskildliggande lokalitetar ved Liamyrane (kolgrop og kokegrop).



Figur 4: Området nordaust for Røldal kraftstasjon, flyfoto 1952.



Figur 5: Området nordaust for Røldal kraftstasjon i dag

Marine kulturminne

Bergens Sjøfartsmuseum har gjeve uttale i saka i brev datert 29.08.2024 og varslar at det kan vere naudsynt med marinarkeologisk registrering i areal som råkast av nye tiltak. Det må takast inn vilkår i konsesjon om at tilhøvet til kulturminne i vassdrag må avklarast før anleggsstart.

Nyare tids kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap

Røldal kraftverk er lokalisert inne i fjellet og blei sett i drift i 1966. Det tilhøyrande kontor- og verkstadbygget, er frå same periode og er teikna av Geir Grung. Inspirasjon frå internasjonal betongbrutalisme, særleg Japan, når eit høgdepunkt i denne tida i Geir Grung sin arkitektur. Røldal kraftstasjon er, i likskap med kraftstasjonen på Nesflaten, framståande og innehar høg autentisitet og integritet. Dette omtalast meir under vurdering av OU-prosjekt.

Kulturminnefagleg innspel til OU-prosjekt

I Ullensvang er det konsesjonssøkt to nye pumpekraftverk, Røldal 2 og Novle 2.

Kraftverka er planlagt i fjell men vil medføre noko inngrep på overflata i form av veg og deponi. Deponi er planlagt i Røldalsvatnet, Liamyrane og ved Votna. Oppgradering av anlegget vil også medføre behov for nye nettløysingar.

Konsekvensutgreiing av fagtemaet kulturmiljø har vurdert samla konsekvens av Røldal 2 og Novle 2 til noko negativ. Konsekvens av ny nettilknytning er vurdert til ubetydeleg.

Automatisk freda kulturminne

Massar er planlagt deponert i Røldalsvatnet vest for Røldal kraftstasjon, i forlenging av eksisterande deponi. Området ligg i forlenging av kulturlandskap og kulturmiljø i Røldal. For ikkje å gi visuell påverknad på kulturlandskapet og kulturmiljøet bør nytt deponi ikkje bli høgare enn eksisterande nivå.

I areal for deponi ved Votna kan det vere behov for terrengundersøkingar for å avklare undersøkingsplikt etter kulturminnelova.

Marine kulturminne

Bergens Sjøfartsmuseum varslar behov for marinarkeologisk registrering i vassdrag som råkast av nye tiltak.

Nyare tids kulturminne

NVE sine verneplanar er for tida under revidering, og Vestland fylkeskommune har fråsegn til høyring under arbeid. Innanfor utgreiingsområdet er det i gjeldande verneplanar eitt statleg listeført kulturminne i Vestland; dammen Votna II frå 1966. Følgjande vurdering er gitt i gjeldande verneplan: *«Dammen er en av de store betongplatedammer i Norge. Sett i en større sammenheng representerer dammen etterkrigstidens utbygging av stor kompleksitet, med mange reguleringer og kraftstasjoner.»* Det er planlagt eit nytt deponi inntil eksisterande deponi som ligg like vest for Votna II. I KU for kulturmiljø blir det vist til at deponiet vil verke inn på opplevinga av området rundt demninga, men påverknaden er likevel vurdert som ei ubetydeleg endring.

I KU for kulturmiljø er Grung sitt kontor- og verkstadbygg, nemnt over, definert som delområde C og vurdert til middels verdi. Vestland fylkeskommune er usamd i denne vurderinga. Bygget er i fredingsklasse, grunna høg arkitektonisk og arkitekturhistorisk verdi. Vi ser forøvrig ikkje at tenkte tiltak, med midlertidig riggområde og større utfylling i Røldalsvatnet, vil få negative konsekvensar for kontor- og verkstadbygget. Det blir vist til at riggområdet vil tilbakeførast i etterkant og bestå av eit tunnelpåslag og mogleg oppstillingsplass.

I konsekvensutgreiing for kulturmiljø er tiltak målt opp mot eit nullalternativ der gjeldande situasjon for køyremønster og arealbruk ligg til grunn. Konsekvensutgreiinga omfattar arealet som blir direkte råka av den planlagde utbygginga og dei vurderte alternativa (tiltaksområda), samt ei sone rundt (influensområdet) kor ein kan forvente at utbygginga vil påverke kulturmiljøet i anleggs- og driftsfasen. Det er vurdert at tiltaka samla sett har lav påverknad på kulturmiljøet, med hovudvekt av visuell påverknad som er vurdert til konsekvensgrad 1 minus. Utbyggingsløyisinga i vestre vassdrag er samla sett gitt noko negativ konsekvens, medan nett-tilknytning er gitt ubetydeleg konsekvens. Det blir vist til at avbøtande tiltak som er vurdert i vestre vassdrag er *«å merke kulturminner ved bruk av Statens Vegvesens deponi på Liamyrane for å unngå konflikt og skadevirkninger i anleggsfasen, dersom nærføring»*. Vi vil understreke at det er viktig at anleggsområda ikkje omfattar meir enn naudsynt areal for å redusere dei negative konsekvensane for kulturmiljøet. Deponi og påhogg er planlagt nær eksisterande inngrep og vil såleis i mindre grad få negativ konsekvens for kulturminne frå nyare tid, både direkte og visuelt.

Det har vore ein ekstensiv bruk av utmarksressursar i utgreiingsområdet, og det er rimeleg å anta at det finst mange kulturminne frå nyare tid som ikkje er kjent. Kulturminne som skriv seg frå jakt, beiting, stølsdrift og ferdsel. Ein må i det vidare arbeidet søke å ta omsyn til slike kulturminne.

Vi legg til grunn at etablering av nye kraftstasjonar ikkje medfører fjerning av eldre infrastruktur. Eventuell fjerning/endring av eldre infrastruktur med mogleg nasjonal eller regional verneverdi må avklarast med Vestland fylkeskommune som regional kulturmiljøstyresmakt.

Fysisk aktivitet og inkludering

Retningsline 32 i fornybarplanen seier at *ein skal vise varsemd ved utforming av ny kraftutbygging, slik at tiltaka ikkje reduserer opplevingskvalitetane i friluftsområde med stor verdi. Gjennom konkret utforming skal ein søkje å gjere tiltaket til ein positiv ressurs for friluftslivet.*

Delar av det aktuelle området for vilkårsrevisjon og nye kraftverk ligg innafor område kartlagt som **svært viktig friluftsområde**, og er innfallsport til Hardangervidda, som er eit nasjonalt viktig friluftsområde. Det går både sommarrute og vinterrute frå Røldal til Middalsbu og vidare innover Vivassdalen mot Litlos, i hjartet av Hardangervidda nasjonalpark. Desse rutene går langs Valldalsvatnet, og her er det både regionale, nasjonale og internasjonale brukarar. Med større variasjon i vasstand på Valldalsvatnet, og dermed større usikkerheit på isforhold, vil dette kunne påverke friluftskvalitetane i området negativt, spesielt vinterstid. Lågare vasstand kan òg gje utfordringar knytt til tilkomst med båt, og medføre forringa landskapsoppleving i sommarhalvåret i år med mindre nedbør.

Votna ligg utanfor område kartlagt som viktig friluftsområde, men er likevel oppgitt til å vere viktig for lokal bruk, spesielt vinterstid med skigåing. Det same vil då gjelde for dette vatnet i høve friluftsliv; med større variasjonar i reguleringshøgde vil ein oppleve praktiske utfordringar knytt til fiske med båt (sjøsetting/ opptak) og attraktiviteten for turgåing vil verte redusert. Vinterstid vil dagens funksjon vatnet har for skigåing bli sterkt forringa eller falle bort.

Dei planlagde massedeponia som er omtala i søknaden ligg utanfor område kartlagt som viktig for friluftsliv i kommunens kartlegging. Det er likevel grunn til å stille spørsmålsteikn til konsekvensane ved enkelte av desse deponia. Delområde C Røldalsvatnet er vurdert å ha middels til stor verdi knytt til friluftsliv. Det står m.a. i KU'en at Sandstranda i nordenden av Røldalsvatnet blir nytta til bading om sommaren. Eit stort massedeponi her vil truleg gjere området ueigna for bading og ha konsekvensar for den lokale bruken av områda rundt vatnet. Vi stiller soleis spørsmålsteikn til vurderingane som er gjort om at deponiet ved Røldalsvatnet gir ubetydeleg påverknad på friluftslivet, og at det i hovudsak er lagt vekt på tursti og skiløype her.

Konsekvensane for friluftsliv lokalt ser ut til å vere størst for Votna og Røldalsvatnet, mens dei største regionale og nasjonale konsekvensane vurderer vi til å gjelde Valldalsvatnet. Vi er kritiske til den planlagde utbygginga her, så tett inn på nasjonalparken og i område kartlagt som svært viktig for friluftsliv.

Anleggsperioden for alle tiltaka bør i alle tilfelle planleggast på ein slik måte at ein reduserer negative konsekvensar for friluftsliv. Stiar og turveggar som blir utilgjengeleg i anleggsperioden må skiltast om, og det må sørgast for trygg ferdsel forbi anlegga. Vi legg til grunn at utbyggar søker å tilbakeføre terreng til mest mogleg opphавеleg tilstand etter avslutta anleggsperiode.

Vassmiljø og fisk

Eit ambisjonsnivå i fornybarplanen er at *vasskraftverk er oppgradert og utvida med fokus på miljøet i vassdraga i Vestland.*

Forskrift om fysiske tiltak i vassdrag av 15. november 2004, § 1 a seier at utan løyve frå Statsforvaltaren eller fylkeskommunen er det forbode å sette i verk fysiske tiltak som fører til eller kan føre til fare for å redusere produksjonstilhøva for fisk eller andre ferskvassorganismar i vatn og vassdrag. Fylkeskommunen har ansvaret for tiltak i vassdrag eller deler av vassdrag som ikkje fører anadrom laksefisk eller kreps.

Ved inngrep i vassdrag må tiltakshavar søkje etter forskrift om fysiske inngrep i vassdrag, sjølv om tiltaket ligg inne i arealplan eller reguleringsplan. Unnataket er dersom t.d. ei vasskraftsak er under konsesjonshandsaming hjå NVE. Då skal NVE ivareta «Forskrift om fysiske inngrep i vassdrag» i sine vedtak.

Vannforskriften § 12 skal vurderast når det skal fattast enkeltvedtak om ny aktivitet eller nye inngrep i ein vassførekomst som kan medføre at miljømåla ikkje vert nådd eller at tilstanden vert forringa. Dette kan være vedtak med heimel i forurensningsloven, vannressursloven, vassdragsreguleringsloven, akvakulturloven, havne- og farvannsloven, jordlova, lakse- og innlandsfiskloven, plan- og bygningsloven mv.

Naturmangfoldlova §§ 8–12 skal vurderast i tiltak for å ivareta; kunnskapsgrunnlaget, føre var prinsippet, samla belastning, kostnader ved miljøforringing og miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar

Villrein

Når det gjeld revisjon av vilkåra i eksisterande konsesjon forutset vi at det vert sett av midlar til villreinfond, etter lik modell som i andre vilkårsrevisjonar i andre villreinområde. Resten av utgreiinga om villrein handlar hovudsakleg om konsesjonssøknaden om nye tiltak.

I fylkestinget 30.09.2024 var det behandla ein sak om status for arbeidet med dei regionale planane for nasjonale villreinområde i Vestland. Fylkestinget vedtok eit tilleggspunkt;

«6)Vestland fylkeskommune ber at om ein i arbeid med handlingsprogram, inkluderer eit fokus ved kraftutbygging og effektauke. Ved oppdemming av fjellvatn må ein vektlegge særleg omsyn til villreinen sine trekkruiter og inkluderer avbøtande tiltak for å minimere påverknad for dyrelivet.»

Store deler av tiltaka det er søkt konsesjon til ligg i Setesdal Ryfylke Villreinområde (SRV). Deler av dette villreinområdet ligg i Vestland fylke. I konsekvensutgreiinga knytt til konsesjonssøknaden for OU-prosjektet er tiltaka vurderte å ha noko negativ konsekvens for fagtema villrein.

Konsekvensutgreiinga er etter fylkeskommunen si vurdering mangelfull. Meir om dette under.

Retningsline 26 i Regional plan for fornybar energi seier *at ein skal unngå tiltak som reduserer verdier på leveområdet for villrein.*

Deler av tiltaka i konsesjonssøknaden for O/U-prosjektet krev dispensasjon frå verneføreskrifter. Administrasjonen i Agder fylkeskommune, som kjem med uttale til dispensasjonssøknad, rår i frå at det vert gitt dispensasjon med den grunngjevinga at retningslinjene i nasjonalt villreinområde slår fast at nye kraftanlegg i utgangspunktet skal unngåast. Kunnskapsgrunnlaget er vurdert som for svakt til å kunne konkludere med at den samla konsekvensen for villrein i Setesdal Ryfylke villreinområde er av så avgrensa omfang at ein kan gjere unntak frå hovudregelen, og rår dermed ifrå at det vert gitt konsesjon.

Vestland fylkeskommune vil fokusere på to nye tiltak som det er forventa vil kunne gje store negative konsekvensar for villrein. Vi vil i det vidare greie kort ut om tiltaka, kunnskapsgrunnlaget i saka og korleis ein kan redusere dei negative konsekvensane ved dei føreslegne inngrepa. I begge forslaga er det tale om nye *pumpekraftverk*, som betyr at ein kan pumpe vatn opp att i magasina, før det tappast ned på nytt. Dette medfører naturleg nok hyppigare vasstandsendringar. Vinterstid vert det utrygg og oppsprukken is, og vatna vert ikkje farbar for korkje dyr eller menneske. For villreinen er det eventuell pumping/tapping av magasin vinterstid som vil gjere stor skade. I barmarksesongen ser villreinforvaltninga ingen store negative konsekvensar ved tiltaka. Fylkeskommunen vil difor understreke at vi ikkje stiller oss negative til dei nye pumpekraftverka i seg sjølv, men at det i desse tilfella er avgjerande at ein unngår eit driftsregime med pumping vinterstid som vil gje betydeleg negative konsekvensar for ein sterkt pressa villreinbestand.

Vestre vassdrag - Votna


I dag utgjer Europaveg134 (E134) ein tilnærma total barriere for villreinen, og utveksling mellom flokkane i Setesdalsheiane og Hardangerviddareinen førekjem ikkje. Det er bestemt at Dyrskartunnelen skal byggjast mellom Røldal og Ulevåvatnet. Reguleringsplan for dette er vedteken. Dette gjer at E134 i vestlege områder truleg ikkje vil utgjere den barrieren for viktige villreintrekk som det er i dag. Aust for Ulevå utgjer fysiske og menneskelege hinder og aktivitet ein så stor barriere at historiske trekk er utgått og truleg ikkje vil kunne gjenopptakast. Det er eit sterkt ynskja statleg mål at barriereeffekten av E134 vert fjerna, slik at villreinen som høyrer til Setesdal Ryfylke villreinområde (SRV) får tilgang til viktige funksjonsområde på nordsida av E134, samt å mogleggjera kryssing mellom SRV og Hardangervidda villreinområde (HV). Dette for å sikre mogleg genetisk utveksling mellom flokkane. Dette er eit viktig overordna mål får å ta i vare ei sunn villreinstamme i eit langsiktig perspektiv, og ein del av våre internasjonale forpliktingar ovanfor villreinen gjennom Bern-konvensjonen.

Votna vassmagasin ligg rett sør for E134, men med ny tunnel vert barrieren som vegen i dag utgjer fjerna. Erfaringar frå Finsetunnelen over Bergensbanen, syner gode effektar av lengre tunnelar, og innan ti år etter ferdigstilling av Finsetunnelen, var det historiske trekket tilbake i funksjonalitet. Det er difor stor grunn til å forvente at ny Dyrskartunnel vil vere eit viktig bidrag til forbetre livsvilkår for villreinen, og gjenskape trekkfunksjonaliteten mellom to store villreinområde. Dette villreinomsynet

var del av fylkeskommunen sitt fråsegn til reguleringsplan for E134, og del av avgjerdsgrunnlaget for Statens vegvesen i planlegging av den nye traséen som no kjem.

RSK opprusting og utvidelse
Konsekvensutredning
Oppdragsnr.: Dokumentnr.: Versjon: E04

Norconsult



Figur 6: Henta frå konsekvensutgreiinga. Raud sirkel syner Votna vassmagasin. Raude og gule felt i figuren syner utilgjengeleg/ueigna areal for reinen i dag, primært grunna trafikk på E134. Denne barrieren vil fjernast ved den nye tunnelen. (henta frå KU'en for konsesjonssøknaden)

Ved pumpeaktivitet på Votna vinterstid vert isen utrygg, og reinen vil ikkje klare å krysse vatnet. Det står følgjande i konsekvensutgreiinga for konsesjonssøknaden;

«... Samtidig vil pumpekraftverk innebære hyppigere svingninger i vannstanden i Votna sett i forhold til dagens situasjon, og det forventes mer oppsprukket is og overvann langs land enn i dagens situasjon. Dette vil bidra til å redusere villreinens muligheter for å trekke over isen på Votna vinterstid.» KU'en seier og at «planene for ny E134 på strekningen [Vågsli (Vinje) – Seljestad (Ullensvang)] er lagt til grunn som en del av nullalternativet.» Vi vil her påpeike at konsekvensutgreiinga er mangelfull, då den ikkje tek med i berekningane at ny tunnel vil ta vekk dagens barriere-effekt frå vegen, og at dette området vil bli eit viktig funksjonsområde for trekk mellom Hardangervidda og Setesdal/Ryfylkeheiane. Etter ferdigstilling av tunnelen, vil dette området utgjere den viktigaste livlina mellom Hardangervidda og Setesdalsheiane villreinområde. Dette burde KU ha lagt til grunn, med den følgje at konsekvensane av tiltaka for villrein vert større enn det KU har lagt til grunn.

Vi ser ikkje at dei omsøkte fysiske installasjonane kjem til å vere problematiske for reinen, men med to nye pumpekraftverk til Votna, vil eventuell køyring av desse vinterstid gje ufarbar is. Dette i kombinasjon med topografien i området vil skape ein ny barriereeffekt.

Fylkeskommunen vil understreke at når det omsider vert prioritert store mengder statlege midlar til Dyrskartunellen, eit tiltak som fjernar dagens barriere, er det svært uheldig om ein samstundes tillèt gjennomføring av nye tiltak som nullar ut desse fordelane. Begge desse tiltaka ligg i Vestland fylke, og vi har eit særleg ansvar for å gjere merksam på dette. Det er viktig at nye tiltak i RSK ikkje skapar nye trekkbarierar for villreinen når E134-barrieren fjernast.

I 2017 vart det etablert to *Europeiske Villreinregionar*. Den sørlege av desse består av Setesdal-Ryfylkeheiane, Hardangervidda og Nordfjella (jf. figur 7). Det er eit sterkt nasjonalt ønskjer i villreinforvaltninga at ein over tid sikrar funksjonelle trekk mellom nasjonale villreinområde, og innad i dei Europeiske Villreinregionane.

Villreinens leveområder skal prioriteres i de nasjonale villreinområdene.



Figur 7: kart som viser europeiske og andre villreinområde i Noreg (henta frå villrein.no)

Heimelsgrunnlag

Retningslinje 21, s. 29, i nyleg vedtekne Regional plan for fornybar energi (Vestland fylkeskommune des. 2023)¹ seier at:

«Planlagde tiltak som kjem i konflikt med artar som er "kritisk truga" eller "sterkt truga" (jf. Norsk Raudliste), eller naturtypar og leveområde som Noreg har eit internasjonalt ansvar for, eller er i konflikt med oppfyljing av nasjonale og internasjonale avtalar, skal ikkje få konsesjon» (eigen understreking). Norge har eit internasjonalt ansvar gjennom Bern-konvensjonen for å ta i vare villreinbestanden i Norge. Arealforvaltning er heilt sentralt.

Retningslinjene i interregional plan for Setesdalsheiane og Ryfylkeheiane (Heiplanen)², gjeldande regional plan som omfattar SRV, seier følgjande om kraftutbygging;

«Nye eller utvidelse av eksisterende kraftanlegg eller kraftlinjer bør unngås. Unntak kan gjøres for tiltak som ikke innebærer vesentlig negativ betydning for villreinen. Disse vurderingene forutsettes avklart gjennom konsekvensutredninger etter relevant lovverk».

Regional plan for Hardangervidda³, som omfattar potensielt vinterbeite for SRV-rein nord for E134, og utgjer utvekslingsområde mellom villreinområda, har følgjande retningslinjer knytt til kraftutbygging;

«Ny kraftutbygging, utvidelse av eksisterende kraftanlegg, nye kraftlinjer, andre større energianlegg og vindkraftanlegg for mer enn egen bruk skal ikke skje i nasjonale villreinområder. Eventuelle unntak forutsetter at det ikke gir negative konsekvenser for villrein og andre naturverdier, og en samlet positiv miljøgevinst knyttet til villrein, landskap og andre miljø- og verneinteresser. [...] Konsekvenser for villrein i hele villreinområdet skal utredes i henhold til nyeste kunnskap både ved eventuelle nye tiltak

¹ [Regional plan for fornybar energi](#)

² [Heiplanen](#)

³ [Hardangerviddaplanen](#)

og ved vilkårsrevisjoner. Vilkårsrevisjoner må sees i sammenheng med hele villreinområdet og tilgrensende villreinområder.»

RSK DA søker om nye kraftverk tilknytt Votna etter Vassdragsreguleringslova. Vassdragsreguleringslova §12, 2. ledd, gjev fylkeskommunen heimel til å fremja motsegn i saka.

Med bakgrunn i dei negative konsekvensane for villrein, retningslinjer i tre regionale planar og det nemnde juridiske heimelsgrunnlaget, meiner fylkesdirektøren at fylkeskommunen bør fremje motsegn mot dei delane av tiltaka som kan føra til at Votna vert eit vinterstengsel for villreinen. Fylkesdirektøren meiner at RSK DA berre kan få konsesjon til nye kraftverk tilknytt Votna dersom det vedtakast eit manøvreringsreglement som gjer at villreinen framleis kan nytta Votna som trekkpassasje på vinteren. Ved innføring av et slikt manøvreringsreglement vil fylkeskommunen sitt motsegn i så tilfelle falle bort.

Ut frå korleis RSK DA ser føre seg at driftssituasjonen i anlegga vert etter oppgradering og utviding, med Røldal 2 og Novle 2 (i følge figur 3), tyder mykje på at det ikkje er vinterstid ein ser føre seg å henta ut potencialet av tiltaka. Situasjonen før og etter tiltak er tilsynelatande relativt lik, man anna køyring på vinteren vil likevel vere mogleg utan restriksjonar. Fylkesdirektøren vurderer difor at restriksjonar i manøvreringsreglementet som hindrar svekka is, og opprettheld trekkpassasjen, vil vere eit avbøtande tiltak som hindrar store negative konsekvensar for villreinen utan at det gjev store konsekvensar for konsesjonæren.


Viss ny konsesjon utformast slik at villreinen kan nytte Votna som trekkpassasje, ser vi ikkje at tiltaka tilknytt Votna gjev nye negative konsekvensar for villreinen.

Austre vassdrag – Holmavatn

Denne delen av prosjektet ligg ikkje i Vestland, men vi har likevel eigarskap til effektane av tiltak gjennom Heiplanen, og eit felles ansvar for ivaretaking av villreinbestanden. Villreinens funksjonsområde må sjåast som ein heilskap, både når det gjeld trekkområde, beiteområde, kalvingsområde og moglege utvekslingsområde med tilknytte villreinområde.

Open vasstreng i Holmavassåno vinterstid er peika på som eit problem for villreinen i dette området i dag. Vintertapping frå Holmavatn lagar open vasstreng som skapar ein barriereeffekt i ein trekkoridor. Omsøkte Kvanndal 2 pumpekraftverk vil ta bort behovet for tapping i open vasstreng frå Holmavatn. Dette er positivt m.o.t. trekkoridoren sør for Holmavatn vinterstid, men tiltaka kan på same tid hindre trekk over sjølve Holmavatn.

Sjølve Holmavatn er eit beiteområde, meir enn eit definert trekkområde. GPS-posisjonar viser at villreinen oppheld seg og beitar i dette området vinterstid, og gjerne rundt på holmane på vatnet (sjå figur 8) . Det er truleg godt beite på holmane, med rabbar som ofte bles fri for snø slik at dei finn mat.



Figur 8: kartutsnitt henta frå dyreposisjon.no som viser registrerte posisjonar for GPS-merka villrein vinteren 2021-22.

Konsekvensutgreiinga tilknytt konsesjonssøknaden seier følgjande: «Det legges til grunn i vurderingen at villreinens bruk av isen på Holmavatnet er påvirket negativt av dagens regulering. Samtidig tilsier eksisterende kunnskap at pumpekraftverk vil medføre betydelig forverrede isforhold i forhold til dagens situasjon, og dermed ytterligere redusere villreinens muligheter for å trekke over isen på Holmavatnet vinterstid.»

Sjølv om KU'en er tydeleg på at eit eventuelt pumperegime på Holmavatn vinterstid vil «medføre betydelig forverrede isforhold», tek den ikkje inn over seg at dette ikkje berre er eit trekkområde, men derimot eit opphaldsområde og tidvis viktig vinterbeiteområde. Dei negative konsekvensane ved utrygg is er difor også for Holmavatnet større enn det KU konkluderer med.

Fylkesdirektøren syner til same regionale retningslinjer og heimelsgrunnlag for å fremje motsegn, som for Votna.

Med bakgrunn i dei negative konsekvensane for villrein og det nemnde heimelsgrunnlaget vi er ansvarleg for å følgje opp, meiner fylkesdirektøren at fylkeskommunen bør fremje motsegn mot dei delane av tiltaka som kan føra til at Holmavatnet vert utilgjengeleg for villreinen. Fylkesdirektøren meiner at RSK DA berre kan få konsesjon til nye kraftverk tilknytt Holmavatnet dersom det vedtakast eit manøvreringsreglement som gjer at villreinen framleis kan nytta Holmavatnet som trekkpassasje og beiteområde på vinteren. Ved innføring av et slikt manøvreringsreglement vil fylkeskommunen sitt motsegn i så tilfelle falle bort.

Viss ny konsesjon utformast slik at villreinen kan nytte Holmavatnet som før, ser vi ikkje at tiltaka tilknytt Holmavatnet gjev nye negative konsekvensar for villreinen.

Infrastruktur og veg

Vi kan ikkje sjå at tiltaka i desse prosjekta råkar fylkesveginteresser.

Administrative/økonomiske konsekvensar:

Ved gjennomføring av tiltaka i konsesjonssøknaden vil kraftgrunnlaget stige og gje noko høgare kraftinntekter til kommunar og fylkeskommunar.

Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 (Regional planstrategi):

RSK DA har ikkje kommentert korleis revisjonsdokumentet og konsesjonssøknaden møter FN sine berekraftsmål. Spesielt i konsesjonssøknaden ser ein at det er målkonfliktar mellom berekraftsmål 7 – rein energi til alle og 15 – livet på land. Fornybarplanen, klimaplanen, Hardangerviddaplanen og Heiplanen har retningslinjer som legg føringar for tiltaka i konsesjonssøknaden.

Tiltaka er med på å setja retning for utviklinga av Vestland.

Konklusjon

Fylkesdirektøren er generelt positiv til opprusting og utviding av eksisterande regulerte vassdrag, då dette vil gjera oss betre utrusta til å møte eit aukande behov for effekt og system-/balansetenester i kraftsystemet vårt. Dette prosjektet vil i stor grad bidra til dette med svært stor auke i effekt og kraftproduksjon. Fylkesdirektøren ser likevel at deler av prosjektet har potensial for å gje store negative konsekvensar for villrein, som er ein nasjonal ansvarsart.

Fleire regionale og interregionale planar har retningslinjer som rår frå eller ikkje tillét konsesjon dersom det gjev negative konsekvensar for villrein. Difor rår fylkesdirektøren til at fylkeskommunen fremjar motsegn mot dei delane av tiltaka som kan føra til at Votna og Holmavatnet vert utilgjengeleg som beiteområde og trekkveg for villreinen. Fylkesdirektøren meiner at RSK DA berre kan få konsesjon til nye kraftverk tilknytt Holmavatnet og Votna dersom det vedtakast eit manøvreringsreglement som gjer at villreinen framleis kan nytta Holmavatnet som trekkpassasje og beiteområde, og Votna som trekkområde, på vinteren. Ved innføring av et slikt manøvreringsreglement vil fylkeskommunen sitt motsegn i så tilfelle falle bort

Fylkesdirektøren vurderer at restriksjonar i manøvreringsreglementet som hindrar svekka is, og opprettheld trekkpassasjen, vil vere eit avbøtande tiltak som hindrar store negative konsekvensar for villreinen utan at det gjev store konsekvensar for konsesjonæren. Fylkesdirektøren ser ikkje at tiltaka gjev negative konsekvensar for villreinen på sommarhalvåret. Fylkesdirektøren var noko i tvil på om innstillinga sitt punkt 1 skulle ha eit formelt motsegn eller fremme villreininteresser på anna måte, men landa på å rå til motsegn i denne saka.

Området for revisjonen og OU-prosjektet har lang kulturhistorisk bruk, og det er kjent ei rekke kulturminne både frå førhistorisk og nyare tid. Fylkesdirektøren meiner det er viktig at det vert teke omsyn til kulturminneinteressene i både revisjonen og OU-prosjektet. Reviderte konsesjonsvilkår kan medføre nye terrenginngrep og det må såleis takast inn i reviderte vilkår at tilhøvet til automatisk freda og kulturminne under vatn må avklarast jf. kulturminnelova §9 før anleggsstart for eventuelle nye tiltak. Vestland fylkeskommune må kontaktast før eventuelle planlagde nedtappingar/særleg låg vasstand, slik at tidlegare registrerte kulturminne kan tilstandsregistrerast og kartfestast. Vidare må det i ev. konsesjon for nye tiltak setjast vilkår om at undersøkingsplikt må oppfyllest og tilhøvet til automatisk freda og kulturminne under vatn må avklarast jf. kulturminnelova §9 før anleggsstart.

Fylkesdirektøren vurderer at det er lokalt negative konsekvensar for friluftsliv for Votna og Røldalsvatnet, mens dei største regionale og nasjonale konsekvensane gjeld Valldalsvatnet. Anleggsperioden for alle ev. tiltak bør i alle tilfelle planleggast på ein slik måte at ein reduserer negative konsekvensar for friluftsliv. Stiar og turvegar som blir utilgjengeleg i anleggsperioden må skiltast om, og det må sørgast for trygg ferdsel forbi anlegga. Vi legg til grunn at utbyggar søker å tilbakeføre terreng til mest mogleg opphøveleg tilstand etter avslutta anleggsperiode.